



HALLINGDAL RENOVASJON IKS
Kleivi Næringspark 31
3570 ÅL

Sakshandsamar, innvalgstelefon
Tonje Røland Brasetvik, 32 26 68 15

Vedtak om løyve etter forureiningslova til drift av avfallsanlegg for Hallingdal Renovasjon i Kleivi Næringspark i Ål kommune

Fylkesmannen i Oslo og Viken er ferdige med handsaminga av søknadane frå Hallingdal Renovasjon IKS, og gir løyve etter forureiningslova til å ta imot, sortere, mellombels lagre og handsame einskilde avfallsfraksjonar ved Kleivi hovudanlegg i Kleivi Næringspark i Ål kommune. Løyvet med vilkår er vedlagt.

Partar i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket om løyve innan 3 veker.

Fylkesmannen varslar vedtak om gebyr på kr 98 400,- for handsaminga av saka. Varselet kan kommenterast innan 2 veker.

Vi viser til søknadar datert 18. januar 2016 (om å kverne impregnert treverke og golvbelegg som inneheld ftalatar), 11. april 2016 (om mellombels lagring av farleg avfall), 13. mai 2016 (å kverne og brenne vindauge som inneheld klorparafinar) og 23. oktober 2018 (å øke mengde smittefarleg avfall til forbrenning i løyvet) om endring av løyve etter forureiningslova¹, og andre dokument i saka.

Fylkesmannen handsamar saka som rett ureiningsmynde for avfallsanlegg og med delegert mynde frå Miljødirektoratet for handsaming av farleg avfall.

Bakgrunn

Fleire løyve for Hallingdal Renovasjon i og ved Kleivi Næringspark

Hallingdal Renovasjon driv ei rekke ulike avfallsrelaterte aktivitetar knytt til forbrenningsanlegget i Kleivi Næringspark. Forbrenningsanlegget med tilknytte aktivitetar er regulert av løyve etter forureiningslova, men nokre aktivitetar har verksemda drive med utan at det har vore regulert i løyve.

¹ Lov om vern mot forurensninger og om avfall



Hallingdal Renovasjon IKS har også fleire løyver etter forureiningslova for avfallsrelaterte aktivitetar i og ved Kleivi Næringspark. Det er tre lokalitetar i og ved Kleivi Næringspark der Hallingdal Renovasjon driv avfallsrelaterte aktivitetar og per i dag har løyve etter forureiningslova: Breie deponi (2011.055.T), Kleivi deponi (2009.0142.T) og forbrenningsanlegget i Kleivi (2006.099.T).

På tilsyn i 2015 (2015.001.R.FMBU) avdekkja Fylkesmannen at Hallingdal Renovasjon dreiv med aktivitetar ved forbrenningsanlegget i Kleivi som ikkje var regulert i løyve deira. Gjennom kontakt mellom verksemda og Fylkesmannen i oppfølginga av tilsynet i 2015, eit anna tilsyn i 2016 (2016.016.I.FMBU) og handsaminga av søknadane om endring av løyve, kom det fram fleire aktivitetar som ikkje var regulert i gjeldande løyve. Det vart også avdekkja aktivitetar som var regulert i løyve for ei anna lokalitet enn der aktiviteten faktisk gjekk føre seg. Dette gjaldt mottak, sortering og mellombels lagring av avfall, som var regulert i løyvet til Kleivi deponi (2009.0142.T), medan aktivitetane vart gjennomført både i Kleivi deponi og ved forbrenningsanlegget i Kleivi Næringspark (2006.099.T).

I 2016 og 2018 sendte Hallingdal Renovasjon fire forskjellige søknadar til Fylkesmannen om endringar av løyvet til forbrenningsanlegget (2006.099.T). Med bakgrunn i den uklare og/eller manglande reguleringa av einskilde av Hallingdal Renovasjon sine aktivitetar i og ved Kleivi Næringspark, ønskte Fylkesmannen å ta ein heilskapleg gjennomgang av alle Hallingdal Renovasjon sine aktivitetar knytt til forbrenningsanlegget. Samtidig ønskte vi også å kartlegge om nokre av desse aktivitetane allereie var regulert i nokre av dei andre løyva til Hallingdal Renovasjon i og ved Kleivi Næringspark, det vil si Kleivi deponi (2009.0142.T) og Breie deponi (2011.055.T).

Gjennomgangen avdekkja at det var behov for store endringar i løyvet til forbrenningsanlegget (2006.099.T). Fylkesmannen vurderte at endingane var så omfattande at det var naudsynt å utarbeide eit heilt nytt løyve.

Det nye løyvet omfattar langt fleire aktivitetar enn berre avfallsforbrenning. Det blir difor misvisande å framleis omtale det aktuelle anlegget som «forbrenningsanlegg». Frå no av tiltalar vi difor, etter avklaring med verksemda, anlegget som «Kleivi hovudanlegg». Hallingdal Renovasjon driftar også ein kommunal gjenvinningsstasjon på det same området. Den regulerast etter avfallsforskrifta og er ikkje omfatta av dette løyvet.

Nokre av aktivitetane som tidlegare vart regulert i løyvet til Kleivi deponi (2009.0142.T) blir no innlemma i det nye løyvet til Kleivi hovudanlegg. Aktivitetane dette gjeld vil ikkje lenger vere tillatne på Kleivi deponi. Vi vil gjere endringar i løyvet til Kleivi deponi. Vi vil handsame dette i eiga prosess.

Søknadar

Hallingdal Renovasjon har sendt fire ulike søknadar om endring av løyvet til forbrenningsanlegget i Kleivi (2006.099.T) til Fylkesmannen.

Hallingdal Renovasjon har løyve til å forbrenne farleg avfall i form av inntil 200 tonn/år med impregnert treverke og 800 tonn/år med golvbelegg som inneheld ftalatar. I søknad av 18. januar 2016 skriv Hallingdal Renovasjon at det er naudsynt å kverne avfallet før det blir forbrent og søker difor om lov til å same mengde impregnert treverke og golvbelegg. Verksemda beskriv i søknaden at dei ønsker å kverne på ei asfaltert sorteringsplate ute i friluft.

I søknad av 11. april 2016 søker Hallingdal Renovasjon om utvida løyve til mellombels lagring av farleg avfall. Dei søker om løyve til mellombels samstundes lagring av 500 tonn farleg avfall, der 360



tonn utgjør impregnert treverk, golvbelegg som inneholder ftalater og støv/flygeaske fra forbrenningsanlegget. Dei grunnir søknaden med at dei har behov for å lagre avfallet dei allereie har løyve til å forbrenne og som dei i søknad av 18. januar 2016 søkar om også å få løyve til å kverne.

I søknad av 13. mai 2016 søker Hallingdal Renovasjon om løyve til å auka mengda smittetarleg avfall dei har lov å forbrenne. Verksemda har allereie løyve til å forbrenne 5 tonn smittetarleg avfall per år, men ønsker å auke mengda til 10 tonn per år. Verksemda grunnir mellom anna søknaden i at mengda smittetarleg avfall dei har tatt imot dei seinare åra har auka, og at dette har ført til at dei einskilde år har tatt i mot større mengder enn dei har lov til.

I søknad av 23. oktober 2018 søker Hallingdal Renovasjon om løyve til å kverne og brenne vindaug som inneheld klorparafinar. Dei grunnir søknaden mellom anna i at forbrenning av farleg avfall i form av vindaug med klorparafinar har blitt testa ved andre ordinære avfallsforbrenningsanlegg i Noreg.

Høyring

Fylkesmannen i Oslo og Viken sende dei tre søknadane som kom inn frå 2016 på høyring 4. juli, med høyringsfrist 25. september 2016. Søknaden frå 2018 vart sendt på høyring 10. januar med høyringsfrist 11. februar 2019. Søknadane vart lagt ut på Fylkesmannen sine nettsider og offentleg kunngjort i avis.

Vi har motteke eitt fråsegn i høyringane. Fråsegna var frå Kleivi Næringspark som seier at dei ikkje har kommentarar til søknadane.

Lovgrunnlag og mynde

Verksemda til Hallingdal Renovasjon som er knytt til forbrenningsanlegget krev løyve etter forureiningslova sine bestemningar, jf. forureiningslova § 11, jf. § 16 og § 29.

Fylkesmannen har handsama saka som rett ureiningsmynde for avfallsanlegg, jf. rundskriv T-3/12. Miljødirektoratet er i utgangspunktet ureiningsmynde for handsaming (inkludert forbrenning) av farleg avfall, men har i e-poster 15. mars 2016 og 1. september 2016, med en presisering 4. februar 2019, delegert mynda til Fylkesmannen i Oslo og Viken i denne saka for handsaming av søknadane om høvesvis å kverne farleg avfall (datert 18. januar 2016) og om å kverne vindaug som inneheld klorparafinar (datert 23. oktober 2018). Miljødirektoratet har ikkje delegert mynda til å handsame søknaden om løyve til å *forbrenne* vindaug som inneheld klorparafinar, og denne delen av søknaden av 23. oktober 2018 har vi difor ikkje handsama.

Fylkesmannen sin vurdering

Generelt

Når ureiningsmynda avgjer om vi gir løyve og når vi fastsett vilkår etter forureiningslova § 16, skal vi legge vekt på dei ureiningsmessige ulempene ved tiltaket og sjå dei saman med dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil kunne medføre.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i loven sin §§ 8 til 12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Disse rettsprinsippa omfattar vurderingar knytt til kunnskapsgrunnlaget, «føre-var-prinsippet», samla belastning, miljøforsvarlege tekniskar og at kostnader blir dekkja av den som utfører tiltaket.



Det er verknadane av den verksemda ein har søkt om på den staden (gnr/bnr) ein har søkt om å ha verksemda på, som blir vurdert. Dersom Hallingdal Renovasjon seinare ønsker å flytte verksemda, må det difor søkast på nytt for den nye lokaliteten.

Vurdering av ureiningspotensialet frå anlegget

Utslepp til vatn, avrenning, ureining av grunnen og krav om undersøkingar

Verksemda skal ikkje ha direkte utslepp til vatn. Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal skal handterast slik at det ikkje kan medføre skadar eller ulemper for miljøet.

Forbrenningsanlegget har oppsamling av prosessvatn som blir sleppt på kommunalt nett etter avtale med Ål kommune.

Dei andre aktivitetane ved anlegget kan i ulik grad føre med seg risiko for avrenning av vatn til nærmiljøet. Difor er det svært viktig at anlegget blir utforma og drifta på ei måte som minimerer risikoen for uønsket avrenning frå anlegget. Fylkesmannen har difor stilt vilkår i løyvet for å førebygge slik ureining. Vilkåra slår fast kva for underlag, klimavern og oppsamling av avrenning som krevst for dei ulike aktivitetane og avfallsfraksjonane, i tillegg til nokre vilkår knytt til bruk av vatn som støvdempingsmiddel når avfall blir kverna.

Nokre av vilkåra i løyvet er nye, meir detaljerte eller strengare enn i tidlegare løyve. Dette er fordi forvaltningspraksis når det gjeld å førebygge ureining frå avfallshandsaming har endra seg dei seinare åra. D et nye løyvet er i tråd med gjeldande praksis for avfallsanlegg.

For å få meir kunnskap om verksemd sine utslepp og påverknad på nærmiljøet, har Fylkesmannen gitt krav om at verksemda skal kartlegge sine utslepp til luft og vatn, dokumentere utsleppa og ha eit måleprogram for utslepp, jf. løyvet kapittel 11. Det er ikkje fastset grenseverdiar for utslepp av konkrete miljøgifter, då det i utgangspunktet ikkje skal vere utslepp. Verksemda må sjølv skaffe seg oversikt, jf. løyvets punkt 11.1 over dei moglege utsleppa.

Verksemda skal også ha eit program for overvaking av verksemda sin effekt på miljøet, jf. løyvet kapittel 12. Ein del av denne overvakinga gjeld vassovervaking i resipienten i tråd med krav i vassforskrifta². Resultata frå resipientundersøkinga skal rapporterast inn innan 1. september 2020. Vi oppfordrar dykk til å ta kontakt med Fylkesmannen om de har behov for meir rettleiing i utforminga av overvakingsprogrammet.

Utslipp til luft, støv, lukt, støy og forsøpling

Forbrenningsanlegget har utslepp til luft. Utsleppa skal ikkje vere større enn grenseverdiene i avfallsforskrifta³ kapittel 10 vedlegg V.

Verksemda skal ikkje medføre støv- eller luktulemper av betydning for naboane. I tillegg er det stilt strengare vilkår til støv som oppstår når verksemda kvernar farleg avfall. Det er fastsett vilkår i løyvet med grenseverdiar for støy, desse er lik som i tidlegare løyve.

Framdriftsplan for tilpassing av anlegget

Fylkesmannen stiller i løyvet ei rekke nye krav til den fysiske utforminga av anlegget, og det vil ta noko tid for verksemda å gjennomføre dei fysiske tiltaka som krevst for å oppfylle krava. Vi legg til grunn at tiltaka gjennomførast så snart som mogleg. Vi ber om at de sender oss ei framdriftsplan for arbeidet med dei fysiske tilpassingane på anlegget innan 1. november 2019.

² Forskrift om rammer for vannforvaltningen

³ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall



IED - utgreiing

I Noreg er industriutslippsdirektivet (IED) teke inn i forureiningsforskrifta og avfallsforskrifta. I vedlegg 1 til forureiningsforskrifta kapittel 36 er alle typar verksemdar som direktivet gjeld for lista opp. Beskrivingar av beste teknikkar for ein sektor eller bransje finn ein i BREF-dokument (Best available techniques (BAT) Reference Documents). Ut i frå beskrivinga av beste teknikkar blir det utarbeida juridisk bindande grenseverdier for utslipp for den enkelte bransjen, såkalla BAT-konklusjonar.

Vår vurdering er at dykkar verksemd kan vere omfatta av desse dokumenta:

- BREF og BAT for handsaming av avfall⁴.
- BREF for avfallsforbrenning⁵.

Fylkesmannen har stilt som vilkår i punkt 14 i løyvet, at Hallingdal Renovasjon må vurdere om deira verksemd er omfatta av føresegnene om IED-verksemdar, jf. føresegnene i §36-1 andre ledd og vedlegg I til kapittel 36 i forureiningsforskrifta.

Vi understrekar at BREF er eit underlagsdokument for BAT-konklusjonar, og det er først når BAT-konklusjonar er formelt vedtatt i EU at krava til beste teknikkar er juridisk bindande. Alle anlegg som er omfatta skal då oppfylle krava innan fire år frå konklusjonane er vedteke. Det vart vedtatt BAT-konklusjonar for handsaming av avfall i august 2018. Det er per i dag ikkje vedteke BAT-konklusjonar for forbrenning av avfall.

Vi ber dykk sende oss dykkar vurdering av om de er omfatta av krava i BAT-konklusjonar for avfallshandtering innan 1. september 2019. Når BAT-konklusjonar for avfallsforbrenningsanlegg blir vedteke ber vi om at de sender oss dykkar vurdering av om dykkar verksemd er omfatta av krava. Vurderinga skal vere sendt til oss maksimum 6 månadar etter at konklusjonane er vedtatt.

Konsekvensar for naturmiljøet

Naturmangfaldlova⁶ § 8 stiller krav til offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet. Dei skal så langt det er rimeleg, byggje på vitskapeleg kunnskap om bestandar av artar, utbreiing og økologisk tilstand for naturtypar og effekt av påverknadar.

I databasen Naturbase (Miljødirektoratet, 2019) er det ikkje registrert viktige naturtypar i Strandafjorden, med unntak av bukta ved Tangeviken vest i Strandafjorden langs riksveg 7. Denne lokaliteten (Tangevike, BN00012772) er klassifisert som viktig for biologisk mangfald (verdi B). Lokaliteten er vurdert som viktig sidan den består av ei stor, vegetasjonsrik bukt og ei gamal gjengrodd kroksjø. Kroksjøar og meanderande flaumlaup er raudlista som ei sterkt trua naturtype.

I Naturbase er også følgjande artar av nasjonal forvaltningsinteresse registrert i og ved Kleivi Næringspark og i Strandafjorden: Stær, fiskemåke, hønhauk, taksvale, kornkråke, kongeørn, rosenfink, dvergspett, havørn, gråsisik, sanglerke, skjærepipelerke, gulspurv, blåstrupe, vipe, vandrefalk, dvergdykker, bergsisik, sandsvale, sivspurv, gjøk, gråtrost, heipipelerke, bjørkefink, lappfiskand, storspove, gråspett, dvergfalk, hettemåke, havelle, fiskeørn, bergand, knekkand, hornedykker, sjørre, stjertand, svartbak, skjeand, dvergsnipe, sivhauk, temmincksnipe, sivhøne, snadderand, brushane, bjørkefink, krykkje, svartand og lappfiskand.

⁴ <http://eippcb.jrc.ec.europa.eu/reference/wt.html>

⁵ <http://eippcb.jrc.ec.europa.eu/reference/wi.html>

⁶ Lov om forvaltning av naturens mangfold



Fylkesmannen meiner kunnskapsgrunnlaget er godt nok til å vurdere søknadane og til at kravet i naturmangfaldslova § 8 om at avgjerd skal kvile på eit best mogleg kunnskapsgrunnlag, er oppfylt. Omsynet til føre-var-prinsippet i naturmangfaldslova vektleggast derfor i mindre grad.

Vi har også gjort ei vurdering ut frå den samla belastninga økosystemet vil bli utsett for etter naturmangfaldslova § 10. Det er vilkår i løyvet om at drifta av avfallsanlegget ikkje skal ha utslepp til Hallingdalselva. Det er også vilkår som regulerer utslepp til luft og støy. Fylkesmannen legg til grunn at det er liten risiko for alvorlege eller irreversible skadar på naturmangfaldet som følgje av drifta av avfallsanlegget.

Fylkesmannen vurderer difor at prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 er oppfylt og treff vedtak i saka.

Samfunnsmessige omsyn

Det er viktig at det finst avfallsanlegg kan handterer avfall på ei miljømessig god måte. Det er eit nasjonalt mål at ressursane i avfallet i størst mogleg grad skal utnyttast ved attvinning, og avfallshierarkiet er eit styrande prinsipp for korleis avfall skal handterast. Høy grad av sortering, materialgjenvinning der det er mogleg og energigjenvinning der avfallet elles ville ha vore ei miljøbelastning er ønskeleg. Det er også eit nasjonalt mål at farleg avfall skal handterast på ein forsvarleg måte.

Samstundes kan aktivitetane ved Kleivi Hovudanlegg føre til ureining og forsøpling. Vilkår i løyvet skal førebygge eventuelle ulemper frå anlegget.

Konklusjon

Vi har vurdert søknadane og komen fram til at samfunnsnytta verksemda utgjør er større enn dei ureiningsmessige ulempene knytt til verksemda. Vi går ut frå at verksemda drivast i samsvar med vilkåra som følger av løyvet og ureiningsregelverket elles.

Fristar

Tabellen nedanfor gir oversikt over fristar for gjennomføring av tiltak som løyvet krev. De treng ikkje å sende dokumenta som har frist i 2019 til oss, då vi vil følge dette opp ved tilsyn.

Tiltak	Frist	Tilvisning til vilkår
Framdriftsplan for fysiske tilpassingar av anlegget	1.november 2019	vedtaksbrev
Utgreiing om utslepp av prioriterte miljøgifter	1.november 2019	14.1
Utgreiing om diffuse utslepp	1.november 2019	14.2
Tilstandsrapport om mogleg ureining av grunn og grunnvatn	1.november 2019	14.3
IED-vurderingar avfallshandtering	1.september 2019	15
IED-vurderingar avfallsforbrenning	6 månadar etter at BAT-konklusjon om avfallsforbrenning er vedteken	15
Resultat frå resipientovervaking	1. september 2020	12.1



Vedtak om løyve

Fylkesmannen gir Hallingdal Renovasjon IKS løyve til drift av avfallsanlegg inkludert forbrenningsanlegg i Kleivi Næringspark, gnr/bnr 126/42 og 126/45 i Ål kommune. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova §§ 11 og 29. Det er vilkår til løyvet med heimel i § 16 i same lov.

Fylkesmannen har ved avgjerda om å gi løyve med vilkår, lagt vekt på dei ureiningsmessige ulemper ved tiltaket saman med dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil medføre. Løyvet med vilkår følger vedlagt dette brevet.

Det kan gjerast endringar i dette løyvet i medhald av forureiningslova § 18. Endringane skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og forsvarleg utredning av saka. Ein eventuell endringssøknad må difor føreliggje i god tid før endring ønskast gjennomført.

At ureininga er tillat gjer ikkje at ein kan sjå bort i frå erstatningsansvar for skade og ulempe eller tap forårsaka av ureininga, jf. forureiningslova § 56.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Varsel om vedtak om gebyr

Søkar skal betale gebyr for vår handsaming av søknadane (jf. forureiningsforskrifta § 39-3). Grunnlaget for val av gebyrsats er Fylkesmannen sin ressursbruk ved handsaming av søknadane. Dette omfattar gjennomgang av søknadane, møter og korrespondanse med søkar, høyring av saka og endeleg ferdigstilling av løyvet. Innsats frå andre fagpersonar hos Fylkesmannen inngår også.

Vi varsla 28. september 2018 at vi venta at arbeidet med søknaden ville svare til gebyrsats 5. Basert på tida vi faktisk har brukt ser vi at riktig gebyrsats er gebyrsats 4. Gebyrsatsane sine beløp har endra seg frå 2018 til 2019, og det året mesteparten av arbeidet vart gjort avgjer beløpet. Gebyrsats 4 i 2019 utgjer 98 400 kroner.

Vi varslar med dette at vi vil vedta at Hallingdal Renovasjon IKS skal betale eit gebyr på 98 400 kroner for handsaming av søknad om løyve etter forureiningslova. Eventuelle kommentarar til varselet om fastsetting av gebyrsats skal sendast til Fylkesmannen innan 2 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forvaltningslova § 16. Vi fattar endeleg vedtak om gebyrsats etter kommentarfrista, og Miljødirektoratet ettersender faktura.

Varsel om endring av løyve til Kleivi deponi

Nokre av aktivitetane som tidlegare var regulert i løyvet til Kleivi deponi (2009.0142.T) blir no innlemma i det nye løyvet til Kleivi hovudanlegg. Disse aktivitetane vil difor ikkje lenger vil vere tillatne på Kleivi deponi. Vi varslar at vil gjere endringar i løyvet til Kleivi deponi for å ta ut dei aktivitetane som ikkje lenger er tillatne på Kleivi deponi. Dette vil vi følge opp i eiga prosess.

Klageadgang

Vedtak om løyvet kan påklagast til Miljødirektoratet av saka sine partar eller av andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå underretning om vedtak er kome fram, eller frå vedkomande fekk eller burde ha moglegheit til å skaffe seg kjennskap til vedtaket. Ei eventuell klage skal angi kva det klagast på og den eller dei endringane ein ønsker. Klager bør grunngi klagen, og andre opplysningar av betyding for saka bør vere nemnt. Klaga skal sendast til Fylkesmannen.



Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter førespurnad eller av eige tiltak avgjera at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klaga er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje påklagast. Ved klage på val av gebyrsats skal tilsendt faktura betalast til fristen. Miljødirektoratet vil refundere eventuelt overskytande beløp dersom klaga blir imøtekomen.

Med hilsen

Kari Skogen
seksjonssjef

Tonje Røland Brasetvik
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Løyve etter forurensningsloven til drift av avfallsanlegg - Kleivi Hovudanlegg - Hallingdal Renovasjon IKS

Kopi til:

Ål kommune Tingstugu, Torget 3570 ÅL